Fra: Stig-Martin Liavåg[stigmartin94@gmail.com] Dato: 14.09.2015 13:09:17 Til: postmottak@adm.ntnu.no Tittel: SR-NT sitt høringssvar om fagleg organisering
Før eg kommenterer på relevante spørsmål må eg fyrst seie at Studentrådet NT vil bevare den faglege stabiliteten til studentane. Vi trur at fusjonen ikkje kjem til å ha så mykje å seie for oss som studentar, då dei andre institusjonane ikkje har så mykje som kan innlemmast i eit endra NT-fakultet etter fusjonen.

Kriterier for organisering på nivå 2
Når det kjem til studentmassen har NT relativ grei storleik. Derimot er NT store på forskning, og bidreg godt med mange vitskaplege publikasjonar. Samtidig må ein også ta hensyn til andre faktultet, som er svært tverrfaglege, og kan bli meir geografisk spreidde etter fusjonen, så vi meiner at våre val av kriterier kjem heile NTNU til gode. Desse er:

- **Egenart og gjennkjenbarheit**. NTNU må halde fram med å vere eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt førebilete når det kjem til forskning, utdanning og samfunnsøkonomisk nytte.
- **Fagleg identitet.** Vi har diskutert robustheita til ulike fagmiljø, og fusjonen vil kome fagmiljø av alle storleiker til gode.
- **Langsiktig, grunnleggande forskning.** Forskning er utruleg viktig, og dette må ein halde fram med.
- **Samfunnsrelevans.** Verksemda på NTNU skal kome mange ulike delar av samfunnet til gode.
- **Leiing og medvirkning.** Til tross for store geografiske avstander må nye NTNU fungere som ein godt samla organisasjon.
- **Strategisk evne.** Fakulteta er ulike, og gjer ulike ting. Det må vere mogleg for dei å organisere seg ulikt, og utvikle seg etter deira eigne føresetnader.

Tre tyngste kriterier på nivå 2
Vi meiner at fagleg identitet, leiing og medvirkning, og strategisk evne er dei mest relevante kriteria, då dei største utfordringane med fusjonen er, og kjem til å vere, korleis ein skal organisere nye NTNU.

Styrker og svakheiter
I K1 kan fakulteta kunne få for mykje intern autonomi og makt, som kan gjere det vanskelig å føre NTNU sin visjon vidare. Det er positivt at fagmiljø som har mykje til felles blir samla.

K2 får etter vår meining ei skeiv fordeling, studentpolitisk sett, då fakulteta kjem til å vere svært ulike i storleik. Positivt at det er ingen store endringar i sjølve fakultetsstrukturen, og nye institusjonar på nivå 3 kan leggast til som t.d. institutt.

Vi meiner at K3 blir litt for breitt, med mange mindre fakultet, sjølv om det er bra at faktulteta blir såpass spesialiserte.

K4 tar vekk heile vitsen med faktisk fusjon, då t.d. fagmiljøa ikkje blir samla, og institusjonane ikkje kjem til å samarbeide så godt.

Andre konsept
Internt i Studentrådet NT vil vi helst ha ei blanding av K2 og K3. Somme fakultet frå K3, som t.d. Arkitektur og design og Kunst og humaniora kan bli samla til eitt faktultet, då dei har mykje felles. Den same tankegongen kan òg bli brukte for andre fakultet. Fakulteta blir ikkje for store, samtidig som fakultet med mykje til felles vil bli samla. Slik kan ein oppretthalde robuste fagmiljø som samtidig er tverrfaglege internt.

Organisering på nivå 3
Vi meiner at dette er lagt fram på ein god måte.

Mvh
Studentrådet NT